

# NSK avd Sogn og Fjordane

## Referat frå årsmøtet laurdag 7. feb. kl. 12.00 på Rådhuset i Gaupne



Det møtte åtte medlemmer – alle med stemmerett. Ekstra kjekt var det å sjå tre nye medlemmer. Eit medlem måtte melde fråfall grunna ekstremværet Ole som medførte innstilte ferjeruter.

### Sakliste:

#### 1. Godkjenning av innkalling, val av ordstyrar, referent, godkjenning av årsmelding og regnskap.

**Vedtak:** Innkallinga vart godkjent. Årsmøtet synes det er leit at me ikkje fekk innkallinga til årsmøtet/avdelingspalta med i julenummeret av Våre Spaniels.

Laila Røneid vart vald som ordstyrar og Inger Handegård som referent.

Årsmeldinga vart godkjent og rekneskap for 2014 vart gått gjennom og godkjent. Det vart informert om bakgrunnen for det store underskotet dette året.

#### 2. Aktivitetsplan for 2015 og budsjett

**Vedtak:** Styret sit framlegg til aktivitetsplan for 2015 med tilhøyrande budsjett vart vedteken. Det er planlagt stor aktivitet og det vert budsjettert med eit overskot på kr 250.-

#### 3. Utdeling av premiar til mestvinnande spaniels i fylket 2014. Sjå årsmeldinga.

I tillegg til kåring av mestvinnande hund i avdelinga og to årets debutantar, vart det delt ut ei lita påskjønning til Elin Anita Gjerde som saman med 10 år gamle **NSVCH BH Desperados Tingeling** har reklamert både for både rasen og avdelinga på ein framifrå måte.

#### 4. Val. Me har berre fått inn valnemnda sitt forslag på kandidatar.

Leiar Inger Handegård, Gaupne	ikkje på val
Nestleiar Elin Anita Gjerde, Leikanger	attval for 2 år
Styremedlem: Laila Irene Røneid, Årdal	ikkje på val
1. vara Hilde Rotihaug, Nordfjordeid	vald for 1 år

Kasserer: Per Ståle Vågane, Florø	attval for 1 år
-----------------------------------	-----------------

#### RS-utsending:

Inger Handegård – vara Laila Røneid

Elin Anita Gjerde – vara Hilde Rotihaug

Grunna at to av RS-representantane ventar kull like før RS fekk styret fullmakt til å stokka om på RS-kandidatane dersom det viser seg at det vert vanskeleg å få sendt to kandidatar til RS.

**Brukskontakt:** Inger Handegård

**Jaktkontakt:** Per Ståle Vågane

**Revisor:** Torstein Solset, Førde ny

**Webansvarleg:** Inger Handegård attval

**Valnemnd:**

Tonje Tollefsen, Førde attval

Laila Røneid, Årdal attval

Linn Didriksen Solsvik, Lærdal ny

Valnemnda konstituerer seg sjølv.

## 5. Årsmøtesaker

Det har ikkje komme saker frå medlemmene, men styret fremma fem saker.

### 1: Jaktanlegg – regelverk – sak til RS

Gjeld tilleggsbestemmelsane som aldri var ute på høyring til avdelingar/dommarar.

Desse tilleggsbestemmelsane er uklare og virkar urimelege/mot sin hensikt:

Frå regelverket: *«Bevegelig prøve kan arrangeres som flere delprøver på forskjellig datoer. Alle delprøver skal dømmes av samme dommer. Det godtas bare én start per klasse for samme hund ved hver delprøve. For gjennomføring av hver delprøve kreves minimum tre ekvipasjer fra minst to forskjellige oppdrettere.»*

Me ynskjer å få fylgjande avklart på RS:

1: Kva er definisjonen på ein delprøve?

2: Kvifor må det vera ein og same dommar på ein delprøve? Er det ikkje betre å skrive at hunden skal dømmast av ein og same dommar?

3: Krav om minst tre hundar frå to forskjellige oppdrettarar. Dei kan i praksis vera eigde av ein og same person. Og hjå oss bryr hundane seg lite om kven som eig dei eller kven som har oppdretta dei.... Det kan også vera vanskeleg i distriktet å få tre hundar til same tid på ein bevegeleg prøve.

**Forslag til ny tekst:** *På bevegeleg prøve skal det under heile prøven vera til stades minst tre personar, og minst ein av desse personane skal ikkje ha nær relasjon til eigar/førar av den startande hunden. I praksis vil dette sei dommar, hundeførar og ein tredje ugild person. Den ugilde personen» skal signere på at han/ho har vore til stades på heiel prøven på dømmeskjemaet.*

**Vedtak:** Saka vert sendt over til RS.

### 2: J på stamtavla/mellomtittel for spaniels med bestått jaktanleggsprøve — sak til RS

RS har tidlegare vedtatt dette og me har tidlegare hatt dette til sak som har vore sendt over til RS, UTAN at noko har skjedd! No er dette meir aktuelt enn nokon gong når det vert innført mellomtitlar i både lydighet, rallylydigheit og agility. For å få heva statusen for både jaktanleggsprøve og jaktprøve, bør det vera ein mellomtittel J for bestått jaktanleggsprøve/premiering på jaktprøve uansett klasse.

**Vedtak:** Saka vert sendt over til RS.

### 3: Oversikt over alle med bestått jaktanleggsprøve/premiert på jaktprøve – sak til RS

Me ynskjer ein oversikt over alle hundar som har bestått jaktanleggsprøve og alle hundar som

er premiert på jaktprøve på klubben si heimeside. I denne oversikten bør det gå fram kva poengsum hundane har fått for bestått jaktanleggsprøve totalt og kva poengsum dei har fått for dei ulike delmomenta. Dette for at det skal vera lettare å finne informasjon ved val av hannhund. Ved jaktpremiering må det gå fram kva klasse hunden har starta i. Ved innføring av resultat i dogweb må ALLE startar gå fram uansett resultat – ikkje berre det beste resultatet slik som i dag.

I regelverket står det: «Ved Jaktanleggsprøve skal arrangør spesielt sikre at det registreres i Dog WebArra. Dersom noen av hundene ved vannarbeidet ble kvalifisert for start på Jaktprøve i Begynnerklasse, BK.» Me er usikre på korleis dette skal gjerast i praksis.

**Vedtak:** Saka vert sendt over til RS.

#### **4: Kvelpeformidlinga på klubben si heimeside – sak til RS**

Informasjon som vert lagt inn bør oppdaterast.

- ta inn HD-index for engelsk springer spaniel

- ta inn innavlsprosenten for kullet

- ta ut sporpremiering – det er mange bruksaktivitetar spaniels kan vera med på og spor er berre ein av dei. Dette kan skrivast under teilleggsopplysningar på lik linje med lydighet, agility osv.

**Vedtak:** Saka vert sendt over til RS.

#### **5: Våre Spaniels – forslag til endringar – sak til HS**

A: Årets mestvinnande på utstilling. Ikkje bruka spalteplass på dette før vinnarane vert presentert i nr. 1 kvart år saman med bruksprøvevinnarane. Når listene kjem i bladet er dei alt forelda. I staden bør ajourførte lister leggast fortløpande ut på klubben si heimeside.

B: Championat-presentasjon. Me synes at dei nye championane bør få større bilder. I dag virkar det som dårleg utnytting av plassen. Folk ynskjer å sjå størst mogleg bilde av hundane. Kan vera frå 4-6 nye champions pr side. Heller ta ned størrelsen på teksten.

**Vedtak:** Saka vert sendt over til HS.

### **6. Open post**

Praten gjekk livleg rundt bordet. Grunna fleire kontaktar til styret/hannhundeigarar i avdelinga frå nye oppdrettarar som vil ha kull på tispå si og som ikkje er kjent med kva regelverk som gjeld, var årsmøtet samde i at me utarbeider ein liten, enkel informasjonsfolder med ei oversiktleg sjekklisse som me kan sende til ferske oppdrettarar. Denne folderen skal og kunne brukast av dei som ynskjer å kjøpe hund. Sidan det er størst aktivitet rundt rasen engelsk springer spaniel startar me med denne rasen.

### **7. Premieutdeling fotokonkurranse med tema Spaniel i Sogn og Fjordane.**

Heile 11 medlemmer hadde sendt inn bilde og det var årsmøtet som kåra vinnaren ved at alle dei frammøtte gav poeng til dei fem beste bildene. ALLE bildene fekk poeng, noko som vitnar om høg kvalitet på dei innsendte bildene! Vant gjorde Laila Røneid med 22 poeng. Nr. to var Lars Gunnar Røneid med 21 poeng og nr. 3 vart Inger Handegård med 17. poeng.

## **8. Utlodding**

Alle dei frammøtte på årsmøtet hadde med seg ein liten ting å lodde ut og i tillegg hadde me fått nokre premiar frå Royal canin og dyrebutikken i Sogndal. Det vart seld lodd for kr 940.- Vinnar av hovudpremien som er ein gratis start på prøve var Lars Gunnar Røneid!

Inger hadde ordna med lapskaus, Laila hadde baka loff og Elin Anita stilte med lappar til kaffien. Praten gjekk laust og stemninga var god. Tida gjekk fort og me fekk ikkje tid til det annonserte fagtemaet denne gongen... Dette tek me att på eit seinare møte.

Referat: Inger Handegård